

---

**Fra:** Tord A Lappen Moltumyr  
**Sendt:** 21. september 2016 11:38  
**Til:** 'postmottak@hod.dep.no'  
**Emne:** Høringsuttale - Deres ref. 16/4127- Fysioterapiordningen

Meland kommune avgir med dette følgende høringsuttale, beklageligvis 1 dag etter fristen:

«Meland kommune har drøfta høringsforslaget administrativt og i fagmiljøet. Saka er ikkje politisk handsama.

Dei vesentlege endringane er innføring av eigendel for all fysioterapi, fri eigendel opp til 16 års alder, senking av frikortgrensa til om lag 2000 kroner, og etablering av løysing for elektronisk innsending av refusjonskrav.

Kommuneadministrasjonen støtter dei foreslalte endringane.

Det er fornuftig at tilgangen til offentleg fysioterapi skal baserast på vurderingar av behandlingsnytte og alvorlighetsgrad, og ikkje ut frå spesifikke diagnosar. Ei slik tilnærming er og i samsvar med overordna helseprioriteringar (Norheim-utvalet), og folkehelselova sitt krav til utjamning av sosiale helsekilnadar. Endring av frikortbeløpet til ca. 2000 kroner, og fri eigendel for dei under 16 år, vil bidra til ein meir rettferdig tilgang til tenestene.

Når det gjeld krav om elektronisk innsending av refusjonskrav, og elektronisk innmelding av eigendel, vil dette kreve noko investering, samt auke i driftsutgifter for private fysioterapeutar og for kommunar med fastløna fysioterapeutar. Det er Helfo som i stor grad realiserer effektiviseringsgevinsten gjennom enklare handsaming av refusjonskrav. Kommunen må då forvente at Staten også tar mesteparten av kostnaden knytt til omlegging til elektronisk løysing.»

Mvh  
Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege / helsesjef  
Spesialist i allmennmedisin  
Tlf: 5617 1110 / 5617 1000  
E-post: [tord.moltumyr@meland.kommune.no](mailto:tord.moltumyr@meland.kommune.no)  
Postadresse: Meland kommune, Postboks 24, 5906 Frekhaug  
Web: [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) eller [www.frekhauglegesenter.no](http://www.frekhauglegesenter.no)



[Sjå brosjyren vår](#)